



# GLOPPEN KOMMUNE

## SAKSPAPIR

### SAKSGANG

Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr
MULTEK-utvalet	04.02.2016	021/16
MULTEK-utvalet	09.02.2016	036/16
Kommunestyret	22.02.2016	023/16

Avgjerd av: Kommunestyret Saksbehandlar: Bjørn Aurlien	Objekt: Arkiv:	Arkivsaknr.: 16/64-2
---	-------------------	-------------------------

### Uttale til konsesjonssøknad - Sessaelva kraftverk

#### Vedlegg:

Dok.nr              Tittel på vedlegg  
264337              Kart Sessaelva

#### Oppsummering:

Det er ei nasjonal målsetting å auke produksjonen av fornybar energi. Gloppen kommune har naturressursar som kan utnyttast med moderate naturinngrep, og har så langt sett positivt på dei fleste prosjekta som har vore sendt på høyring.

Rådmannen ser ei utbygging av Sessaelva som lite konfliktfyldt, men stiller spørsmål ved om prosjektet er økonomisk forsvarleg og om ein i søknaden har teke tilstrekkeleg omsyn til naturfare.

#### Bakgrunn for saka:

NVE har lagt konsesjonssøknad for bygging av Sessaelva kraftverk ut til offentleg gjennomsyn med merknadsfrist 18.03.2016.

#### Saksutgreiing:

Rådgivende ingeniør Atle Wahl har på vegne av grunneigar Torill Solheim Holme søkt om løyve til å bygge kraftverk i Sessaelva. Elva renn ut i Hyefjorden rett innom rasoverbygget som vart etablert i Skasvora for ein del år sidan.

Kraftverket er planlagt med inntak i Sessaelva på kote 445. Her er tenkt ein knapt 2 meter høg betongdam med tilhøyrande inntakskonstruksjonar og eit lite, neddemt areal.

Frå inntaket er det planlagt sjakt i fjell fram til litt oppom kraftstasjonen. Denne kan etablerast anten ved retningsstyrt boring frå innslaget og opp, eller ved at det blir sprengt ein tunnell nokre hundre meter inn i fjellet og bora sjakt ned til denne. Dei siste 70 meter ned til kraftstasjonen vil det bli nedgravne røyr. Dersom tunnel blir valt vil det vere behov for deponering av om lag 10.000m<sup>3</sup> masse, medan retningsstyrt boring berre gir eit masseoverskot på om lag 400m<sup>3</sup>.

Kraftstasjonen blir plassert på kt. 13 rett opp for fv. 615. Det er skissert ein kraftstasjonsbygning på om lag 100 m<sup>2</sup> tilpassa terren og lokal byggeskikk. Her blir plassert ein turbin med installert effekt på 2,45 MW. Forventa middel årsproduksjon er 6,63 GWh.

Slukeevna er på 735 l/s, eller om lag 3.0x middelvassføring. Det er planlagt minstevassføring på 17 l/s sommar og 10 l/s vinter som samsvarer med 5-persentil av naturleg vassføring.

Det må byggast om lag 40 meter ny veg til kraftstasjonen, elles kan eksisterande vegar etablert i samband med bygging av rasoverbygget nyttast, eventuelt med mindre oppgradering. Utstyr og materialar til bygging av inntaket må fraktast opp med helikopter.

Tilknyting til straumnettet er planlagt med 200 m jordkabel fram til eksisterande 22kV-kraftlinje. Det er i dag ikkje kapasitet på linja til å føre meir produksjon mot Sandane, så også dette prosjektet er avhengig av utbygging av Gjengedal kraftverk, ny 132kV-linje Gjengedal – Storebru og ny(e) transformatorstasjonar i Hyen. Om det også er behov for oppgradering av 22kV-linja går ikkje klart fram av søknaden.

Det er utan særleg utgreiing konkludert med at det ikkje er rasfare i området.

### **Økonomiske konsekvensar for kommunen:**

Utbyggingskostnadene er kalkulert til 29,1 mill. som gir ein utbyggingspris på 4,40 kr/kWh. Søkjar meiner tiltaket vil gi inntekter til grunneigaren, slik at ho blir buande på garden, og at auka inntekter i hovudsak vil bli brukt lokalt. Tiltaket vil bidra til å oppretthalde kulturlandskapet og hindre fråflytting. Tiltaket vil også bety auka sysselsetting i anleggspersonalen, og vil bidra med skatteinntekter til kommunen.

Det ligg ikkje ved ei økonomisk analyse av utbygginga, eller ei stipulering av skatteinntektene til kommunen. Så dyre utbyggingar har også i tider med betre straumpris vore rekna som svært krevjande økonomisk, og situasjonen ein har for tida med låge straumprisar er venta å vare. Rådmannen meiner at den økonomiske vurderinga er noko mangelfull for ei så dyr utbygging.

### **Rådmannen si vurdering:**

Kommunestyret har vedteke følgjande retningsliner for kommunen si behandling av søknader om småkraftverk:

*Gloppen kommunestyre er positive til at det kan byggast ut småkraftverk i kommunen. Før kommunestyret tek avgjer til den einskilde søknad skal kommunestyret vurdere:*

- Visuelt inntrykk etter utbygging
- Innverknad på det tradisjonelle landbruket (resipient, flaum m m)
- Tilhøvet til anna næring (t. d turistnæring, utmarksnæring)
- Naturinngrep ved utbygging
- Den samla utbygging i området
- Kraftlineføring
- Kor stor del av vassdraget som er tenkt utnytta
- Økonomi
- Eigarskap

*Det vil normalt ikkje bli tilrådd utbygging i område som det allereie er lagt vernestriksjonar på.*

#### 1. Visuelt inntrykk etter utbygging

Dette vil dreie seg om inntakskonstruksjonar i elva som ikkje er synleg anna enn for spesielt interesserte, ein kraftstasjonsbygning ved fylkesvegen, og terregngendring i terrenget som i stor grad er endra tidlegare i samband med veg-/rassikringstiltak. Eventuell deponering av 10.000m<sup>3</sup> masse er ikkje særlig godt utgreia, men det er vist til at her er

deponert masse frå før i samband med rassikringa.

2. Innverknad på det tradisjonelle landbruket (resipient, flaum m.m.)  
Utbygginga vil i liten grad ha innverknad på landbruket, bortsett frå at ein må kunne håpe på at utbygginga vil styrke næringsgrunnlaget og gjennom det gi større handlingsrom for grunneigar dersom ho vel å halde fram med tradisjonelt landbruk.
3. Tilhøve til anna næring (t.d. turisme, utmarksnæring)  
Neppe særleg relevant.
4. Naturinngrep  
Konklusjonen frå konsekvensvurderinga for biologisk mangfald er at tiltaket vil ha liten til middels negativ verknad på biologisk mangfald langs elva. Dette er sjølvsagt i hovudsak knytt til verknad av redusert vassføring i elva.
5. Samla utbygging i området  
NVE har sendt på høyring 12 småkraftsaker i Gloppen samtidig og ber spesielt om at samla belastning av utbyggingane blir vurdert.

Frå før er Tjøtaelva kraftverk etablert i nærområdet, om lag ein kilometer lengre sør. Kommunestyret har ikkje gitt nærmere kriterier for kva som skal ligge i ei vurdering av samla belastning/utbygging. Rådmannen kan ikkje sjå at utbygging av Sessaelva i seg sjølv har særleg mykje å seie, men registrerer at denne utbygginga er avhengig av andre og vesentleg større tiltak for å kunne realiserast (sjå neste punkt)

6. Kraftlinjeføring  
Kraftlinjeføringa for dette prosjektet isolert sett har lite å seie, men utbygginga som er ein føresetnad for at dette kraftverket skal kunne realiserast er ein vesentleg større sak. Men kommunestyret har tidlegare gitt positiv uttale også til ny 132kV-linje Gjengedal – Storebru.
7. Kor stor del av vassdraget som er tenkt utnytta  
Det er planlagt minstevassføring på 17 liter/s om sommaren og 10 l/s om vinteren, som i følgje kartlegginga av biologisk mangfald til ein viss grad vil kunne redusere negative verknader. Slukeevne på 3,0x middelvassføring er høg utnytting, og inneber i praksis at ein reduserer vassføringa til minstevassføring med nokre få flaumtoppar. Brukstid på kraftverket er likevel i gjennomsnitt rekna til berre 2706 timer, eller knapt fire månader drift med full yting pr. år, noko som også etter rådmannen si vurdering indikerer at dette er eit marginalt prosjekt.
8. Økonomi  
Utbyggingspris på 4,40 kr/kWh er svært høgt, og rådmannen stiller spørsmål ved økonomien i prosjektet, sjølv med elsertifikat. Ut frå ei vurdering av samfunnsnytte hadde det styrka søknaden dersom det var lagt fram ei analyse som viste at dette var ei god og fornuftig investering.
9. Eigarskap  
Torill Solheim Holme eig fallretten åleine og står som søker. Rådmannen registrerer at det i ein del andre dyre kraftprosjekt blir teke inn eksterne eigarar når det kjem til utbygging, fordi risikoen for utbyggerane blir for stor. Om det kjem til å skje her er uvisst, og om det er positivt eller negativt kjem vel også an på auga som ser.

Ein vesentleg del av nedslagsfeltet ligg innafor Naustdal – Gjengedal landskapsvernområde, men det er ingen vernerestriksjonar på den aktuelle elvestrekningen.

I tillegg til punkta kommunestyret har fastsett vil rådmannen kommentere det eg oppfattar som ei noko lett vindt utgreiing om naturfare. Påstanden om at her ikkje er rasfare synest dåleg fagleg forankra. Rådmannen reknar med at NVE ved behandling av denne saka vil gå nærrare inn i spørsmålet om rasfare, og be om tilstrekkeleg dokumentasjon på at konstruksjonane blir sikra mot ras dersom konsesjon blir gitt.

#### **RÅDMANNEN SI TILRÅDING:**

Gloppen kommunestyre meiner planlagt utbygging av Sessaelva kraftverk er lite konfliktfylt, men stiller spørsmål ved økonomien i utbyggingsplanane, og om ein i søknaden har teke tilstrekkeleg omsyn til naturfare.

#### **04.02.2016 MULTEK-UTVALET**

##### **021/16 VEDTAK:**

Saka blir utsett til nytt møte den 9. februar 2016.

Vedtaket var samrøystes.

#### **09.02.2016 MULTEK-UTVALET**

Framlegg frå **Mariel Eikeset Koren (MDG)**:

Gloppen kommunestyre viser til rådmannen si saksutgreiing og til dei verdiane som eit slikt inngrep går utover og rår NVE til å ikkje gje konsesjon.

Framlegget fekk ei røyst og fall.

##### **036/16 VEDTAK:**

Rådmannen si tilråding vart innstilt mot ei røyst.

#### **22.02.2016 KOMMUNESTYRET**

Framlegg frå **Mariel Eikeset Koren (MDG)**:

Gloppen kommunestyre viser til rådmannen si saksutgreiing, men meiner utbygging av Sessaelva kraftverk ikkje vil utløyse store samfunnsmessige gevinstar som veg opp for nedbygginga av urøyvd natur. Kommunestyret rår difor mot å gje konsesjon for bygging av Sessaelva kraftverk.

Det vart røysta slik:

1. Framlegget frå Mariel Eikeset Koren, som fekk ei røyst

2. MULTEK-utvalet si innstilling, som fekk 26 røyster.

**023/16 VEDTAK:**

Gloppen kommunestyre meiner planlagt utbygging av Sessaelva kraftverk er lite konfliktfylt, men stiller spørsmål ved økonomien i utbyggingsplanane, og om ein i søknaden har teke tilstrekkeleg omsyn til naturfare.

Vedtaket vart gjort mot ei røyst.